

MØTEREFERAT

Tema: Regionkommune Sunnmøre – 4. forhandlingsmøte
Dato/Sted: Finnøy Havstuer 15. og 16. mars 2016 kl 12:00 til 12:00

Møteleder: Erlend Krumsvik, Sunnmøre Regionråd IKS
Referent: Erlend Krumsvik, Sunnmøre Regionråd IKS
Fremmøtte: Ann-Heidi Orvik, Rådmann, Sandøy kommune
Nils Magne Abelsest, Formannskapsmedlem, Sandøy kommune
Odd Arve Orten, Formannskapsmedlem, Sandøy kommune
Oddvar Myklebust, Ordfører, Sandøy kommune
Åse Kristin Ask Bakke, Varaordfører, Sandøy kommune
Britt Giske Andersen, Varaordfører, Giske kommune
Harry Valderhaug, Ordfører, Giske kommune
Marit Elisabeth Larsen, Rådmann, Giske kommune
Roar Dyb-Sandnes, Formannskapsmedlem, Giske kommune
Ewa Hildre, Formannskapsmedlem, Haram kommune
Siv Katrin Ulla, Formannskapsmedlem, Haram kommune
Svein Harsjøen, Formannskapsmedlem, Haram kommune
Turid Hanken, Rådmann, Haram kommune
Vebjørn Krogsæter, Ordfører, Haram kommune
Anders Riise, Ordfører, Hareid kommune
Truls Håbakk, , Hareid kommune
Bente Glomset Vikhagen, Rådmann, Skodje kommune
Dag Olav Tennfjord, Ordfører/Nestleiar, Skodje kommune
Kari Grindvik, Formannskapsmedlem, Skodje kommune
Terje Vadset, Formannskapsmedlem, Skodje kommune
Anne Berit Løset, Rådmann, Stordal kommune
Bjørn Ove Olsen, Formannskapsmedlem, Stordal kommune
Eva Hove, Ordfører, Stordal kommune
Kjersti Ruset Hjelle, Varaordfører, Stordal kommune
Jim-Arve Røssevoll, Ordfører, Sula kommune
Kjetil Fylling, Kommunalsjef, Sula kommune
Magne Anton Sunde, , Sula kommune
Svein Værnes, Varaordfører, Sula kommune
Åge Remvik, Formannskapssekretær, Sula kommune
Erlend Krumsvik, Rådgjevar, Sunnmøre Regionråd
Ingvild Liadal, Kommunikasjonsrådgjevar, Sunnmøre Regionråd
Anne-Karin Watters, Varaordfører, Sykkylven kommune
May-Helen Molvær Grimstad, Rådmann, Sykkylven kommune
Njell Hoftun, Planleggar, Sykkylven kommune
Odd Jostein Drotninghaug, Ordfører, Sykkylven kommune
Petter Lyshol, Formannskapsmedlem, Sykkylven kommune
Geir Peter Aure, Varaordfører, Ørskog kommune
Synnøve Vasstrand Synnes, Rådmann, Ørskog kommune
Astrid Eidsvik, Rådmann, Ålesund kommune

Eva Vinje Aurdal, Ordfører/Leiar, Ålesund kommune
Tore Hals, Kommunereformkontakt, Ålesund kommune
Tore Johan Øvstebø, Varaordfører, Ålesund kommune
Øystein Tvedt, Gruppeleiar H, Ålesund kommune
Jan Kåre Aurdal, Dagleg leiar, Sunnmøre Regionråd
Annika Brandal, Hareid kommune
Øystein Båtnes, Sula kommune

Forfall: Vibeke Bjørkavåg, Formannskapsmedlem, Sula kommune
Bent Arild Grytten, Rådmann, Hareid kommune
Egil Mortensen, Økonomileiar, Hareid kommune
Ranja Dimmen Alme, , Hareid kommune
Hallstein Skår, Formannskapsmedlem, Sula kommune
Regine Bruteig, Kommunereformkontaktperson, Skodje kommune
Karen Simonnes Aanes, Ordfører/leiar, Ørskog kommune

Vedlegg:

Dagsorden

Forhandlingsgruppa ønska fylgjande punkt på dagsorden. Desse er:

- 1. Vegem vidare etter sommarferien (kompetansebygging på fellesnemndene)**
 - a. Innspel frå Sunnmøre Regionråd IKS**
- 2. Gjennomgang av utkast til språkbruksplan (innspel frå skrivegruppa)**
- ~~3. Lokalsamfunnsutvikling~~
- ~~4. Sentrumsstruktur og tettstadsutvikling~~
- 5. Navn på den nye kommunen**
 - a. Handsaming av arbeidstittel «Sunnmøre kommune».**
- 6. Kommunal organisering**
- ~~7. Basistjenester~~
- ~~8. Fagadministrasjon~~
- ~~9. Fordeling av kommunal stillingar geografisk~~
- ~~10. Næringsutvikling~~
- 11. Samfunnsutvikling**
- 12. Digitalisering (blir oversendt skrivegruppa)**
- ~~13. Beredskap~~
14. Hovedutval (overordna nivå i kommunen)
15. Fellesnemnd, og samansetning av denne
16. Eventuelt

Kl 17:00 kjem Ungdommens kommunestyre i Sandøy på besøk

Middag kl 19:30

Onsdag 16. mars

08:00 Fellessamling
Kort diskusjon om vegem vidare etter sommarferien
1 time gruppearbeid i forhandlingsutvala
Kritisk gjennomgang av intensjonsavtalen

12:00 Lunsj

13:15 Ferge Harøya – Brattvåg

Omforeinte punkt, som skal oversendast skrivegruppa

Gjennomgang av utkast til språkbruksplan (innspel frå skrivegruppa)

Alternativ 2: Sunnmøre kommune skal ha nynorsk som målform i tråd med Reglar for målbruk, slik dei går fram av vedlegg til denne intensjonsavtalen.

Stryke punkt 1 og 6

Revidert punkt 3d

d. Protokollar og saksutgreiing (møtereferat) frå møter i folkevalde og administrative organ, jf. likevel pkt. 4 nedanfor

Ta bort siste avsnitt «Reglar om målbruken kan anten bli ei sak fellesnemnda skal arbeide med, eller så kan slikt følgje som eige vedlegg til intensjonsavtalen. Dette må forhandlingane avklare, jf. pkt. 8 i utkastet ovanfor.»

Nytt punkt 6

Tilsette kan nytte bokmål i sitt daglege arbeid, td. referat, notat og rapportar, samt skrive til innbyggjarar og andre der det ikkje er krav om ei bestemt målform.

Dokumentet vart korrigert under forhandlingane, og ligg som vedlegg til referatet.

Lokalsamfunnsutvikling

Sentrumsstruktur og tettstadsutvikling

Navn på den nye kommunen

Handsaming av arbeidstittel «Sunnmøre kommune».

«Ålesund kommune» er nytt navn på kommunen.

Kommunal organisering

Gjennomgåande i intensjonsavtalen skal begrepet «Regionkommunen Ålesund» nyttast.

Administrasjonsstad/Sentraladministrasjon (politisk og administrativ toppleiing) leggest til Ålesund bysentrum

Definisjon av sentraladministrasjon: Dette er opp til fellesnemnda å definere, men det er ein klar ambisjon i kommuneprojektet at kommunale arbeidsplassar skal desentraliserast.

Målet med Regionkommunen Ålesund kommune er å skape ein ny sterk organisasjon for å utvikle regionen i samspel med næringslivet og frivillig sektor inn i framtida. Både tettstadar og bygder skal ta del og finne sin plass i ei heilskapleg utvikling. Ålesund kommune vil vere ein stor arbeidsplass der dei aller fleste har sitt arbeid spreidd på ulike stadar som i dag. Dei kommunale tenestene og dermed arbeidsplassane skal vere nær brukarane, samtidig som dei tilsette vil vere del av eit større og meir robust fagmiljø med spesialiserte tenester tilgjengelege.

Fagstillingane og fagleg leiing skal i størst muleg grad vere lokaliserte på eller nær tenestestaden.

Følgjande prinsipp vil ligge til grunn for Ålesund kommune:

- Basistenestene (barnehage, SFO, skule, kulturskule, eldreomsorg, legesenter, bibliotek, servicetorg, symjebasseng) skal i hovudsak vere plasserte som i dag.
- Den nye kommunen skal fordele ansvaret for spesialiserte fagmiljø som ikkje er stadsavhengige, mellom dei tidlegare kommunesentera. Dette bidreg til å samle dei enkelte fagmiljøa, samstundes som alle kommunedelsentra får viktige kompetansesarbeidsplassar og eit ansvar som dei forvaltar for heile kommunen.
- Strategisk leiing skal vere i Ålesund med ein overordna og koordinerande funksjon. Grunnideen er å utvikle eksisterande kommune- og handelssenter.

Til skrivegruppa: Kome med tekstforslag til prinsipp for organisering av den nye kommunen.

Samfunnsutvikling

Heilskapleg planlegging

Legge til rette for heilskapleg næringsutvikling

Marin/fiskerihamn og logistikk knytt til dette.

Den nye kommunen vil favne kvardagsregionen for heile kommunen.

Kommunen i fellesskap vil vere ein tyngre aktør for å få gjennomslag for samferdselsprosjekt regionalt.

Nytt punkt etter linje 117:

- Etablere nasjonal hamn for marin- og maritime næringar
- Det skal utarbeidast ny og offensiv næringsplan for kommunen. Næringsklynger skal vidareutviklast.
- Ålesund lufthamn Vigra må få rom for å vidare utvikling.
-

Nytt punkt 5.1.3

«Kommunane bak intensjonsavtalen har kvar sine prioriterte prosjekt for å betre infrastrukturen i den nye kommunen. Samferdselsprosjekt som medverkar til å binde saman den nye kommunen vil bli prioritert. Ein bypakke som knyter byen og omlandet sterkare saman med gode kollektivløysningar vert avgjerande for å styrke bu- og arbeidsmarknaden i heile den nye kommunen. Ei nærare prioritering av dei einskilde prosjekta må gjerast når ein ser kva kommunar som vel å gå saman. Desse sambanda blir prioritert: Borgundfjordkryssing med trase frå **Mauseidvåg** til Vedde, Hamsundsambandet, Storfjordsambandet, **Nordøyvegen**, **Børdalslinja**, og Hafast.

Ålesund sjukehus er viktig for å sikre eit godt framtidretta spesialtenestetilbod for innbyggjarane i Regionkommune Ålesund. Samsundes er sjukehuset ein stor kompetansearbeidsplass som må ivaretakast og vidareutviklast som det største sjukehuset i fylket.

Digitalisering (Oversendt skrivegruppa for tekstforslag)

Beredskap
Hovedutval (overordna nivå i kommunen)
Fellesnemnd, og samansetning av denne

Hovedutval (overordna nivå i kommunen)

~~Det er eit ønske om å ha hovedutval/fagutval på overordna politisk nivå. Det er eit mål å sikre likeverdige tenester og ei samordning av fagmiljø.~~

Helse og omsørg
Oppvekst
Plan, næring og samfunnsutvikling
Kultur, idrett og frivillig arbeid

Intensjonsavtalen opner for at det kan vere formålstenleg å ha hovedutval/fagutval/komite på overordna politisk nivå. Spørsmålet er fundamentert i tanken om å sikre likeverdige tenester og ei samordning av fagmiljø. Dette er eit spørsmål som fellesnemnda bør ta stilling til.

Dersom ein skal ha hovedutval/fagutval/komite, så må desse organisering på samme måten som strukturen i den nye administrasjonen. Dette for å sikre god samhandling mellom politikk og administrasjon.

Fellesnemnd, og samansetning av denne

Etter vedtak om kommunestruktur i juni 2016 skal det setjast ned ei fellesnemnd med 3 representantar frå kvar kommune m/vara. Fellesnemnda får mandat og oppgåver forankra i §26 i Inndelingslova. I tillegg får dei det formelle ansvaret med å førebu den nye kommunen i samsvar med føringane i intensjonsavtalen. Nemnda disponerer blant anna eingongsstønad frå staten i samband med kommunereforma, og skal tilsette prosjektleiar for den nye kommunen.

Eventuelt

Intet.

Etablering av ad hoc grupper

Ikkje behov for dette.
Møtet slutt 12:00